



Skuggen har nådd Barmen og klokka er kvart over seks!

Biletet over er eit panorama over fjorden som gøymer ei heilt spesiell historie fortel fotografen Kjell Taranger. Biletet er teke rett mot den vesle garden Barmen på Snilstveitøya. Skuggen på biletet fungerte som klokke for moren til Kjell då ho og hennar sysken vaks opp på den andre sida av fjorden.

Då skuggen av åsen til venstre nådde fram til Barmen var klokka alltid 18.15 og då var tida inne for kveldsmat!

Det var praktisk i ei tid då folk ikkje gjekk rundt med klokke og det var lett å gløyme kor mange klokka var, ikkje minst på ljose kveldar.

Tekst: Ola Matti Mathisen